

L E
T R I O M P H E
D E
L ' A M O U R ,
C O M E D I E

DE M^r DE MARIVAUX

Représentée par les Comédiens Italien au mois d'Avril 1732

Le prix est de Vingt-quatre sols.



A P A R I S ;
Chez PIERRE PRAULT , Quay,
de Gesvres , au Paradis.

M. DCC. XXXII.

Avec Approbation & Privilege du Roy

KJÆRLEIKENS TRIUMF


av Pierre Carlet de Chamblain de Marivaux
omsett av Svein Selvig

| | |
|--|---------------------|
| Regi | OLOF LINDQVIST |
| Scenografi | MARTIN MUSTO |
| Kostyme | INGRID NYLANDER |
| Dramaturg | CECILIA ÖLVECKZY |
| Regiassistent | FREDE GULBRANDSEN |
| Léonide, opptrer også under namnet Phocion og Aspasia | CECILIE A. MOSLI |
| Corine, opptrer også under namnet Hermidas | NINA WOXHOLT |
| Hermocrate | LASSE KOLSRUD |
| Léontine | TURID GUNNES |
| Agis | ERLAND BAKKER |
| Arlequin | TROND HØVIK |
| Dimas | BERNHARD RAMSTAD |
| Marivaux | HERVE HUCK |
| Inspisient | PER BERG-NILSEN |
| Maske | BARBRO HAUGEN |
| Lyd | CHRISTIAN SNILSBERG |
| Lys | TERJE WOLMER |
| Rekvisitør | TONE OSA |
| Sufflør | ELISABETH BREDAL |
| Scenekoordinator | HERVE HUCK |

Musikk: Antonio Vivaldi/Giardino Armonico -
Quattro Stagioni (Dei fire årstidene)

Foto: Tordis Lovise Bersaas

Programredaksjon: Olof Lindqvist, Cecilia Ölveczky,
Knut-Jarle Hvitmyhr, Signe Bjørvik, Ida Michaelsen
Grafisk formgjeving: Knut-Jarle Hvitmyhr
Trykk: Falch Fargertrykk AS



Du skal få møte to nye namn for eit norsk publikum i kveld. Pierre de Marivaux og Olof Lindqvist. Marivaux er rett nok ein av dei store klassikarane i teaterhistoria, men utruleg nok aldri spela i Noreg. Olof Lindqvist, instruktør for kveldens framsyning, er nyutdanna frå Statens Teaterhøgskole, og gjer med denne framsyninga si diplomoppgåve. To menneske frå kvar si tid. Eit møte. Eit spennande møte.

Vidar Sandem
teatersjef



OLOF LINDQVISTS DIPLOMOPPGÅVE

Med framsyninga *Kjærleikens triumf* er Olof Lindqvist klar med diplomoppgåva si etter tre år på Statens teaterhøgskole. Vi er både glade og takksame for at Det Norske Teatret har gjort det mogleg for Olof Lindqvist å avslutte sceneinstruktørstudiet sitt innanfor dei profesjonelle rammene som Det Norske Teatret kan gi.


Heilt sidan instruktørutdanninga kom i gang ved Statens Teaterhøgskole i 1979, har det vore ei utfordring å skape realistiske vilkår på skolen - å spegle røyndomen rundt ein profesjonell teaterproduksjon. Eit rettkome krav som teatra må kunne stille til dei ferdigutdanna instruktørane våre, er at dei meistrar dette apparatet.

For det instruktørkullet som no blir «uteksaminert», har vi gått nye vegar på den måten at vi har etablert eit samarbeid med Den Nationale Scene, Det Norske Teatret, Rogaland Teater og Trøndelag Teater i ei såkalla «fadder-teater-ordning». Med dette har skolen teke eit langt og viktig steg framover.

Vi har fått utvida skoletida med eit «uformelt» halvår, samtidig som «fadder-teatra» er med på å tilføre utdanninga nødvendige komponentar for at utdanninga skal svare til ei profesjonsutdanning. For «fadder-teater-ordninga» er meir enn berre diplomoppgåva; det er å utvikle fagleg kontakt mellom teater og student over tid. Olof Lindqvist har tidlegare arbeid med nokre av skodespelarane ved teatret, den gongen som eit reint øvingsarbeid som ikkje var meint for vising. Denne gongen er det ei full framsyning retta mot eit offentleg publikum. Premissane er lagde i samarbeid mellom skolen og teatret, og skolen har hatt fagleg oppfølging undervegs. Vi vonar at de får eit rikt og spennande møte med denne unge debutanten, og at arbeidet hans vil gi meirsmak. Vi på vår side vil takke Det Norske Teatret for samarbeidet og ønskje Olof lykke til når han no skal forlate skolen.



Eirik Nissen Brøyn
dekan



Morten Krogh
linjeleiar

